

# BANORAMA

## Kva er Banorama?

[Banorama.no](#) er eit digitalt læringsverktøy som gir elevane den kunnskapen dei treng for å ferdast i nærleiken av jernbanen. Tog er eit trygt transportmiddel, men jernbanen er òg ein barriere som mange må krysse i kvardagen. Alle som bur i ein by eller ei bygd som er delt av ein jernbane, lever livet på begge sider av skjenene. Med læringsverktøyet Banorama får elevane ei enkel innføring i jernbanekryssing, informasjon om straum i nærleiken av skjenene og dessutan fleire smarte tips om korleis dei kan vere på den sikre sida.

Vi i Bane NOR håper at skular over heile landet vil bruke banorama.no i ei ledig stund. Det tek ikkje særleg lang tid og krev ikkje mykje førebuing av skulen, og det vil gi elevane nyttig og viktig kunnskap om trygg ferdsel langs og over jernbanen.

## Kven er Banorama for?

Banorama er for alle – uansett alder – som ferdast nær jernbanen. Vi ønskjer at denne sida skal gi elevar både i grunnskulen og den vidaregåande skulen nyttig kunnskap, samtidig som vi håper at sida er nyttig, fin og morosam nok til at både folkehøgskuleelevar og rakettforskarar får lyst til å skrolle seg gjennom dei interaktive plansjane.

Nedst på sida er det ein quiz. Forhåpentlegvis kan han gjere det endå lettare for elevane å lagre informasjonen på «harddisken». Dei som svarer rett på alle spørsmåla, blir heidra med ein digital gullmedalje.

## Korleis kan Banorama brukast?

Skal elevane ha fullt utbytte av det interaktive jernbaneuniverset vårt, er det heilt klart ein fordel at dei kan lese, og at dei har opparbeidd seg leseforståing på eit visst nivå, så kanskje treffer ikkje

Banorama dei aller yngste like godt. Men [filmen vi har laga](https://youtu.be/bGLN5wxkkqY) (<https://youtu.be/bGLN5wxkkqY>), eignar seg for alle – heilt uavhengig av leseferdigheiter. Han tek for seg dei same temaa, og du finn han på framsida. Berre sjå etter den store videoknappen!

Banorama fungerer ypparleg på smarttavle. Har du elevar i småskulen, kan de bruke plansjane i plenum. Gå gjennom eitt og eitt punkt og snakk saman om jernbanen.

Banorama kan dessutan vere nyttig for oss vaksne òg, både dei føresette, lærarane og skuleleiinga. Det skjer dessverre stadig vekk at både barn og vaksne kryssar planovergangar på ein uheldig måte. Og sjølv om ein ikkje har jernbanen som nærmaste nabo, vil ein sannsynlegvis møte på han før eller sidan.

Har du spørsmål? Ta kontakt med Pål Buset, prosjektleiar for haldningsskapande arbeid, på tlf. 975 40 607 eller på [pal.buset@banenor.no](mailto:pal.buset@banenor.no).

Ein kort informasjonsfilm om Banorama finn du [her](https://www.youtube.com/watch?v=v51vKoirBJc) (<https://www.youtube.com/watch?v=v51vKoirBJc>).

